

Verdi den me vil 'kje hæda

Tone: O, du store seierherre

- 1) Verdi den me vil 'kje hæda, vanvyr mot Vorherre da
den var sjølve Gud til gleda, alting saare godt aa bra
her paa jordi som i himlen, kvar ein ting var rein aa heil
menneskje som englevrimlen, hadde ikkje nokon veil
- 2) Ja eg ser det so eit under, ein slik bygnad heil aa rein
skulle ramla, rivna sunder, faa so mange saar aa mein
menneskje saavel som englar, kun' 'kje einast, kom i strid
nytta ikkje bod aa stenglar, fridom vart til slaveri
- 3) Svart aa kalt, aa sure svien, kiv aa tretta, mord aa brand
no me hadde verdenkrigen, krigar gjere alle land
krigar, krigar uppaa krigar, millionar folkeliv
øydelahte land aa rigar, menneskje som straa aa siv
- 4) Gud bevars for myrdegreier, gruelegt aa tenkja paa
dræpemidlar alle ledar, under vatnet aa uppaa
slikt ein kunne lata væra, ganga kvar den glade veg
da sama du vil eg skal gjera, imot deg gjer du mot meg'
- 5) Krigen den me alle beda, Gud bevare os ifraa
derfor skulle alle leda, den til inkjes, tenkt eg daa
alt so øydar folkelukka, aa gjer ska i krok aa kraa
skull me under torva pukka, skufra mold aa stein attpaa
- 6) Vel me veit dar er 'kje semja, myllom godt aa vondt paa jord
faa so vil sit avmot temja, stor i gjerd aa stor i ord
dar ein hev den store bresten, i vort liv aa karakter
elsk til Gud aa elsker til nesten, bitte lite av er her
- 7) Jordiskt er det nu alt samn, pengar, storleik, skryt aa magt
mat aa morro, berre gaman, vonde magter stend i pakt
ingjen vil i brasen slakka, ingjen vil ein kvittt slaa av
røykja, plystra, berre prakka, berre kjøt aa daudekav
- 8) Aller vil ein lukka finna, i slikt yrkje gleda naa
aller vil ein hugnad vinna, ved aa lata kjøtet raa
aller vil ein fri seg føla, kjøt aa aand i stadig strid
mat aa morro kan 'kje vøla, hjartesaari nokon tid
- 9) Naar me sjaa no at me finna, vesaldom i al vor ferd
ingjen ting me greier vinna, utan Gud i ord aa gjerd
kvifyr daa so store væra, naar da med os er so smatt
kvifyr daa so krye os gjera, naar me ikkje eiga godt